

## LANDSMØTE 2022

## Redaksjonskomiteens innstilling til prinsippprogrammet

Forslag til ny tekst er understreka

Forslag til fjerna tekst er ~~streka over~~

Tekst som er uendra, står utan formatering

| Endringsforslag P1R   |                                     |
|---|-------------------------------------|
| Linjenummer:<br>38-40   | Forslagsstillar: Redaksjonskomiteen |
| <p><u>Evig materiell vekst er ikkje mogleg innanfor ressursane på jorda. For at alle menneske skal ha høve til å leve gode liv innanfor rammene av jorda sitt ressursgrunnlag og naturen sin toleevne, må det samla forbruket på jorda reduserast, og særleg må forbruket til dei rikaste reduserast kraftig.</u></p> |                                     |
| <p><b>Innstilling frå redaksjonskomiteen:</b> Forslaget bør bli vedteke</p>   |                                     |

| Endringsforslag P1 a med endring fra Anne Lise Mortensen   |   |
|--|---|
| Linjenummer:<br>Nytt kapittel<br>1.1 erstattar<br>linjene 36-46  | Forslagsstillar:<br><b>Naturvernforbundet i Troms</b><br><b>Naturvernforbundet i Nordland</b><br><b>Naturvernforbundet i Rana</b> |
| <p><b>Endringsforslag:</b></p> <p><del>Menneskeleg forbruk av energi og naturressursar kan ikkje vere høgare enn at det let seg kombinere med å halde oppe naturmangfaldet og naturen si produksjonsevne. Tekniske omleggingar er ikkje nok for å oppnå dette. For at alle menneske skal ha høve til å leve gode liv innanfor rammene av jorda sitt ressursgrunnlag, må dei økonomisk rikaste redusere det materielle forbruket sitt, og samfunnet kan ikkje vere avhengig av evig materiell vekst. Å løyse globalt omfattande og alvorlege miljøproblem krev omstillingar som må drivast fram med både lokal og nasjonal innsats. I ei globalisert verd krevst også globalt samarbeid og internasjonale avtalar. Noreg har som eit rikt og velutvikla land både grunnlag og ansvar for å vere eit føregangsland i miljøvernarbeidet. Noreg må følgje opp sine internasjonale pliktar og ta ei rolle som førebilete for å bidra til framgang i det internasjonale miljøarbeidet.</del></p> <p><u>1.1 Naturvernforbundet seier nei til fortsatt økonomisk vekst i rike land.</u></p> <p><u>Menneskeleg forbruk av energi og naturressursar kan ikkje vere høgare enn at det let seg kombinere med å halde oppe naturmangfaldet og naturen si produksjonsevne. Tekniske omleggingar er ikkje nok for å oppnå dette. Jordas biosfære – atmosfæren, havet og landjorda er allereie overutnytta. Det er den økonomiske veksten som har ført oss inn i dagens natur- og klimakrise. Økonomisk vekst samtidig med redusert energi- og materialforbruk, også kalt «grønn» økonomisk vekst, har ikkje vist seg mogleg i praksis og er heller ikkje forenleg med fysiske lover. Fortsatt økonomisk vekst vil difor ytterlegare degradere naturen og klimaet.</u></p> |   |

Den einaste farbare vegen om vi skal nå miljømåla våre og sikre livskvalitet og overleving for menneske, dyr og planter på jorda, er å stoppe den økonomiske veksten, setja nulltoleranse for meir naturtap, fase ut fossile energikjelder og gjennomføre nullvekst, på sikt gradvis nedvekst. Det rikaste mindretalet, spesielt i i-land, men også i u-land, står for brorparten av klimagassutsleppa og har hovudansvaret for verdas natur- og klimakrise og dermed for å ta ned energi- og ressursbruken.

Sentralt i ein økologisk likevektsøkonomi vil bli redusert materielt forbruk fyrst og fremst i den rikaste delen av befolkninga, gjenbruk og reparasjonar, kollektive løysingar, rettferdig fordeling av arbeid og omfordeling av inntekt og ressursar frå dei med størst økologisk fotavtrykk innad i land og mellom land. Landa i sør må få høve til å kome seg ut av fattigdomen. Tradisjonell hausting av naturen, som til dømes kystfiske, småbruk og reindrift, er eksempel på bærekraftig likevektsøkonomi som kan vekse, men innanfor ressursgrensene. Naturvernforbundet vil arbeide for å få desse livsviktige spørsmåla opp på den politiske dagsordenen.

**Innstilling frå redaksjonskomiteen:** Forslaget bør ikkje bli vedteke

Vedtak på landsmøtet:

#### Endringsforslag P1 b

Linjenummer:  
38–40

Forslagsstillar:  
**Naturvernforbundet i Ávjovárri**

#### Endringsforslag:

For at alle menneske skal ha høve til å leve gode liv innafor rammene av jorda sitt ressursgrunnlag, må dei økonomisk rikaste redusere det materielle forbruket sitt og samfunnet kan ikkje vere avhengig av evig materiell vekst.

Evig materiell vekst er ikkje mogleg innanfor ressursane på jorda. For at alle menneske skal ha høve til å leve gode liv innanfor rammene av jorda sitt ressursgrunnlag, må det samla forbruket på jorda reduserast, og særleg må forbruket til dei rikaste reduserast kraftig.

**Innstilling frå redaksjonskomiteen:** Forslaget bør ikkje bli vedteke

Vedtak på landsmøtet:

#### Endringsforslag P2R

Linjenummer:  
Etter linje 64

Forslagsstillar: **Redaksjonskomiteen**

I vår rørsle skal me handsame kvarandre med respekt. Trakasserande haldningar og atferd høyrer ikkje heime her. Ungdomen og deira engasjement skal me særleg hegne om. Me aksepterer ikkje ytterleggåande og ekstreme krefter som ein del av miljørørsla. Samarbeid med parti og grupperingar som fremmar rasistiske og høgreekstreme haldningar, bryt med verdiane våre.

**Innstilling frå redaksjonskomiteen:** Forslaget bør bli vedteke

| Endringsforslag P2a  |  |
|--|--|
| Linjenummer:<br>Etter linje 64   | Forslagsstillar:<br><b>Generalsekretær</b> |
| <b>Endringsforslag:</b><br><u>Miljøkampen skal vere ein trygg stad der alle blir behandla med respekt. Trakasserande haldningar og atferd høyrer ikkje heime her. Ungdomen og deira engasjement skal me særleg hegne om. Me aksepterer ikkje ytterleggående og ekstreme krefter som ein del av miljørørsla. Kontakt og samarbeid med parti og grupperingar som fremmar rasistiske og høgreekstreme haldningar, bryt med verdiane våre.</u> |  |
| <b>Innstilling frå redaksjonskomiteen:</b> Er innarbeidet i redaksjonskomiteens forslag  |  |
| Vedtak på landsmøtet:  |  |

| Endringsforslag P2b  |                                     |
|--|-------------------------------------|
| Linjenummer:<br>Etter linje 64   | Forslagsstillar:<br>Gabriel Fliflet |
| <b>Endringsforslag:</b><br>Den første linjen endres, slik:<br><br><u>Miljøkampen skal vere ein trygg stad der alle blir behandla med respekt.</u><br><br><u>I vår rørsle skal me handsame kvarandre med respekt.</u> |                                     |
| <b>Innstilling frå redaksjonskomiteen:</b> Er innarbeidet i redaksjonskomiteens forslag  |                                     |

| Endringsforslag P2c   |  |
|---|--|
| Linjenummer:<br>Etter linje 64  | Forslagsstillar:<br>Hallvard Birkeland |
| <b>Endringsforslag:</b><br><br>Endringsforslag til P2, Teksten kommer inn foran forslaget fra Generalsekretær, og knytter an til teksten foran om alliansebygging.<br><br><del>Miljøkampen skal vere ein trygg stad der alle blir behandla med respekt. (osv)</del><br><br><u>Vi vil bidra aktivt til å styrke folkeleg mobilisering gjennom aksjonar og kampanjer for natur og klima. Dette er heilt avgjerande for å vinne dei viktige sigrane. Men miljøkampen skal vere ein trygg stad der alle blir behandla med respekt. (osv.)</u> |  |
| <b>Innstilling frå redaksjonskomiteen:</b> Forslaget bør ikkje bli vedteke  |  |

| Endringsforslag P2d  |  |
|--|--|
| Linjenummer:<br>Etter linje 64   | Forslagsstillar:<br><b>Gunnar Gustad</b> |
| <p><b>Endringsforslag:</b><br/>Til endringsforslag P2: Slette den siste setningen.</p> <p>Setningen er en presisering som kan misforstås:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. "kontakt": Den demokratiske arbeidsmetoden innebærer at vi ofte har kontakt med meningsmotstandere. Det er umusikalsk å vedta et prinsipp om at det fins mennesker og organisasjoner vi aldri skal ha kontakt med.</li> <li>2. Presiseringen " høyreekstreme haldningar" etterlater et inntrykk av at vi ikke tar avstand fra f.eks.venstreekstreme holdninger.</li> <li>3.Henvisningen til "verdiane våre" framstår som en påstand om innholdet i en verdiplattform. En slik påminnelse bør være overflødig.</li> </ol> |  |
| <p><b>Innstilling frå redaksjonskomiteen:</b> Bør ikkje bli vedteke. Delvis innarbeidet i redaksjonskomiteens forslag.</p>   |  |

| Endringsforslag P4R  |  |
|--|--|
| Linjenummer:<br>193-195  | Forslagsstillar: <b>Redaksjonskomiteen</b> |
| <p>Naturøydeleggende vindindustri må stansast. Utbygging må avgrensast til mindre anlegg, i industrialiserte område. Der slike anlegg er bygd, må det bli stilt krav til sikring mot forureining og til garantiar for at område blir rydda etter at konsesjonstida går ut.</p> <p><u>Havvind vil auke presset på havet, som allereie er påverka av næringsverksemd, forureining og klimaendringar. Naturvernforbundet krev særleg varsemd og meiner at ei sterk føre-var-haldning må rå.</u></p> |  |
| <p><b>Innstilling frå redaksjonskomiteen:</b> Forslaget bør bli vedteke</p>  |  |

| Endringsforslag P4 b   |  |
|--|--|
| Linjenummer:<br>193–195  | Forslagsstillar:<br><b>Generalsekretær</b> |
| <p><b>Endringsforslag:</b><br/>Naturøydeleggende vindindustri må stansast. Utbygging må avgrensast til mindre anlegg, i industrialiserte område. Der slike anlegg er bygd, må det bli stilt krav til sikring mot forureining og til garantiar for at område blir rydda etter at konsesjonstida går ut. <u>Havvind kan gi aukande press på havet, som allereie er påverka frå næringar og klimaendringar. Naturvernforbundet krev særleg varsemd og meiner at ei sterk føre-var-haldning må rå.</u></p> |  |
| <p><b>Innstilling frå redaksjonskomiteen:</b> Forslaget bør ikkje bli vedteke, er innabeidet i redaksjonskomiteens forslag.</p>  |  |

|                       |
|-----------------------|
| Vedtak på landsmøtet: |
|-----------------------|

|                             |  |
|-----------------------------|--|
| <b>Endringsforslag P4 c</b> |  |
|-----------------------------|--|

|                         |  |
|-------------------------|--|
| Linjenummer:<br>193-195 | Forslagsstillar:<br><b>Tone Elise Wærås Salomonsen</b> |
|-------------------------|--|

**Endringsforslag:**

Endring av teksten som er understreket i forslag P4 b:

*Miljøkonsekvensene av havvindprosjekt skal vurderes strengt i hvert enkelt tilfelle ut fra bl.a. innvirkning på fugl, fisk og økosystemene i havet. Kraft fra havvind skal i hovedsak prioriteres til bruk i grønn industri framfor elektrifisering av en oljeindustri som på sikt skal utfases. Kraften bør prioriteres til grønn industri langs kysten for å unngå behov for nye kraftlinjer på tvers av landet.*

|  |
|--|
| <b>Innstilling frå redaksjonskomiteen:</b> Forslaget bør ikkje bli vedteke |
|--|

|                             |  |
|-----------------------------|--|
| <b>Endringsforslag P4 d</b> |  |
|-----------------------------|--|

|                         |  |
|-------------------------|--|
| Linjenummer:<br>193-195 | Forslagsstillar:<br><b>Kaja Langvik-Hansen</b> |
|-------------------------|--|

**Endringsforslag:**

P4b Havvind - Vindkraft

Naturvernforbundet i Salten har tatt innover seg at havvind vil være en viktig del av energidebatten fremover. Vi mener det foreligger nok kunnskap til å kunne si at "Havvind vil gi aukende press".

Derfor vil vi endre forslaget fra generalsekretæren fra kan til vil.

Ny tekst blir da følgende:

Naturøydeleggande vindindustri må stansast. Utbygging må avgrensast til mindre anlegg, i industrialiserte område. Der slike anlegg er bygd, må det bli stilt krav til sikring mot forureining og til garantiar for at område blir rydda etter at konsesjonstida går ut.

|  |
|--|
| <b>Innstilling frå redaksjonskomiteen:</b> Forslaget bør ikkje bli vedteke, intensjonen er innabeidet i redaksjonskomiteens forslag. |
|--|

|                            |  |
|----------------------------|--|
| <b>Endringsforslag P6c</b> |  |
|----------------------------|--|

|                         |  |
|-------------------------|--|
| Linjenummer:<br>205-206 | Forslagsstillar:<br><b>Nikolai Tangnes</b> |
|-------------------------|--|

**Endringsforslag:**

Endringsforslag til endringsforslag P6 a

Myndighetene må sikre forebyggjande innsats for å redusere tap av beitedyr og for å redusere påkjenninga for råka næringar og lokalsamfunn.

Myndighetene må sikre forebyggjande tiltak for å øke bestanden av rovdyr til et bærekraftig nivå. Forebyggjande tiltak kan være å unngå utmarksbeite i områder med rovdyr. Myndighetene må sørge for at utsatte næringar kompenseres der beitenæringa og rovdyr kommer i konflikt.

**Innstilling frå redaksjonskomiteen:** Forslaget bør ikkje bli vedteke

#### Endringsforslag P7

|                         |  |
|-------------------------|--|
| Linjenummer:<br>226–228 | Forslagsstillar:<br><b>Generalsekretær</b> |
|-------------------------|--|

#### Endringsforslag:

Ei rettferdig omstilling inneber at ein må ta omsyn til og sikre rettane også til dei menneska og folkegruppene som er særleg sårbare eller utsette ved større samfunnsendringar. Ei rettferdig omstilling vil kreve høge karbonavgiftar med ein synleg og sosialt rettferdig fordeling for å gje heilt nødvendig folkeleg støtte til klimapolitikk.

**Innstilling frå redaksjonskomiteen:** Forslaget bør bli vedteke

Vedtak på landsmøtet:

#### Endringsforslag P8 b

|                         |  |
|-------------------------|--|
| Linjenummer:<br>223–224 | Forslagsstillar:<br><b>Generalsekretær</b> |
|-------------------------|--|

#### Endringsforslag:

Alle land må omstillast til samfunn som praktisk talt er utan bruk av fossil energi, ~~og som byggjer opp att karbonlagera i naturen~~ Raseringa av naturlege karbonlager som skog og myr må stansast, og det som er øydelagt, må byggast opp att så langt som råd.

**Innstilling frå redaksjonskomiteen:** Forslaget bør bli vedteke

Vedtak på landsmøtet:

| Endringsforslag P9 b  |  |
|---|--|
| Linjenummer:<br>Nye punkt etter<br>linje 249  | Forslagsstillar:<br><b>Generalsekretær</b> |
| <b>Endringsforslag:</b><br><u>CO2-avgifta må auke forutsigbart, jamt og trutt til ein ikkje lenger har utslepp frå fossil energi. Auken i avgifta må delast ut att til folket på ein sosialt rettferdig måte, slik at dei som har lågt karbonavtrykk går i pluss, medan dei som brukar mykje berre får kompensert ein mindre del av forbruket sitt.</u> |  |
| <b>Innstilling frå redaksjonskomiteen:</b> Forslaget bør bli vedteke  |  |
| Vedtak på landsmøtet:   |  |

| Endringsforslag P9 c   |   |
|--|---|
| Linjenummer:<br>Etter linje 249  | Forslagsstillar:<br><b>Hallvard Birkeland</b> |
| <b>Endringsforslag:</b><br>Tilleggsforslag til P9 b, som en sammenfatting av de fem siste punktene i forslag P9 a, som frafalles:<br><br>CO2-avgifta må auke forutsigbart, jamt og trutt til ein ikkje lenger har utslepp frå fossil energi. Auken i avgifta må delast ut att til folket på ein sosialt rettferdig måte, slik at dei som har lågt karbonavtrykk går i pluss, medan dei som brukar mykje berre får kompensert ein mindre del av forbruket sitt.<br><br><u>For å unngå at klimautslippa flyttar med produksjonen til land med ingen eller låg karbonprising, blir karbonvernetoll naudsynt. Både miljøørsla og Noreg bør fremje krav om stigande karbonprising og rettferdig fordeling til COP-forhandlingane, og om ein slutt på offset-system, som let rike land halde fram med sine utslepp mot å betale for at fattige land minkar sine.</u> |   |
| <b>Innstilling frå redaksjonskomiteen:</b> Forslaget bør ikkje bli vedteke   |   |

| Endringsforslag P12   |   |
|---|---|
| Linjenummer:<br>288–289   | Forslagsstillar:<br><b>Naturvernforbundet i Ávjovárrí</b> |
| <b>Endringsforslag:</b><br>Bruken av skadelege stoff i jordbruk, skogbruk, reindrift, fiske og oppdrett må <del>haldast på eit minimum og på sikt fasast ut.</del> <u>avviklast så snart som råd.</u> |   |
| <b>Innstilling frå redaksjonskomiteen:</b> Forslaget bør bli vedteke  |   |
| Vedtak på landsmøtet:   |   |

| Endringsforslag P13R  |  |
|---|--|
| Linjenummer:<br>328   | Forslagsstillar: <b>Redaksjonskomiteen</b> |
| <p>Oppdrett må skje i lukka anlegg og ikkje forringe miljøet i dei hav- og fjordområda der verksemda går føre seg. Oppdrettsverksemda må drivast utan ureining og sjukdomsspreiing og på ressursar som ikkje skadar naturmangfald og ressurstillfang andre stader. Kor miljøvenleg lukka anlegg er, må vurderast ut ifrå teknologi og lokalitet. <u>Landbaserte anlegg kan ikkje tillatast om dei medfører nedbygging av natur eller matjord.</u></p> |  |
| <p><b>Innstilling frå redaksjonskomiteen:</b> Forslaget bør bli vedteke</p>   |  |

| Endringsforslag P13 d   |  |
|---|--|
| Linjenummer:<br>Tillegg til linje<br>328  | Forslagsstillar:<br><b>Sentralstyret</b> |
| <p><b>Endringsforslag:</b><br/><u>Landbasert oppdrett skal berre tillatast på tidligare industrialisert grunn etter prinsippet om arealnøytralitet.</u></p> |  |
| <p><b>Innstilling frå redaksjonskomiteen:</b> Bør ikkje bli vedteke, intensjonen er ivareteke i redaksjonskomiteens forslag.</p>                            |  |
| <p>Vedtak på landsmøtet:</p>  |  |

| Endringsforslag P14  |   |
|--|---|
| Linjenummer:<br>338–342  | Forslagsstillar:<br><b>Naturvernforbundet i Rana</b><br><b>Magne Vågsland</b> |
| <p><b>Endringsforslag:</b><br/><del>4.2 Energi</del><br/>Menneska treng energi, og den må vere fornybar og klimavenleg, brukast effektivt og –produserast og transporterast utan å skape ureining eller uoppretteleg skade på naturmangfaldet. Vi må nytte rett energiform til ulike bruksområde, og vi må effektivisere sjølve energibruken. Det inneber også at vi må gjere ei omlegging av energibruken, slik at fossil energibruk blir redusert og erstatta av fornybar energi</p> <p><u>4.2 Energipolitikk på premissane til naturen</u><br/><u>Energi må produserast og tranporterast på måtar som gir minst mogleg skade på natur og klima. Ingen energiproduksjon er «fornybar», men medfører meir eller mindre skade på naturmangfaldet i heile produksjonstida og lenge etterpå. All energiproduksjon har også større eller mindre negative verknadar på klimaet, særleg i etableringsfasen, men også i uoverskodelag framtid pga. redusert karbonlagring i det nedbygde landarealet. I lys av den truande natur- og klimakrisa er difor stagnering og reduksjon av det totale energiforbruket</u></p> |   |



det einaste som er reelt berekraftig for framtidig liv på jorda. Frigjering av energi ved energisparing og energieffektivisering i bygg og anlegg vil saman med modernisering av vasskraftverk gjere at vi har nok elektrisitet til å fase ut fossil energi i Norge.

**Innstilling frå redaksjonskomiteen:** Forslaget bør ikkje bli vedteke

Vedtak på landsmøtet:

### Endringsforslag P15

|                     |   |
|---------------------|---|
| Linjenummer:<br>339 | Forslagsstillar:<br><b>Naturvernforbundet i Ávjovárri</b> |
|---------------------|---|

#### Endringsforslag:

Menneska treng energi, og den må vere fornybar og klimavenleg, brukast effektivt og produserast og transporterast utan å skape ureining eller uøppretteleg skade på naturmangfaldet. Energiforbruket må reduserast, og energi må produserast på måtar som gir minst mogleg skade på natur og klima.

**Innstilling frå redaksjonskomiteen:** Forslaget bør ikkje bli vedteke

Vedtak på landsmøtet:

### Endringsforslag P16

|                         |   |
|-------------------------|---|
| Linjenummer:<br>354–361 | Forslagsstillar:<br><b>Naturvernforbundet i Rana</b><br><b>Magne Vågsland</b> |
|-------------------------|---|

#### Endringsforslag:

Fossil energibruk i Norge må fasast ut for å nå 1,5 gradersmålet. Energieffektivisering, nedgang i transportbehovet og ei utfasing av petroleumsverksemda er dei viktigaste tiltaka. Ny fornybar energi må verke til å redusere forbruket av fossil energi, ikkje auke den samla energibruken. Ved all utbygging av fornybar energi må klimagassutsleppa og ressursbruken vurderast i eit livsløpsperspektiv for produksjonen, og det må takast særskilt omsyn til naturmangfald, folkehelse, landskap og tradisjonelle naturbaserte næringar og samisk kultur og næringsutøving. Utbygging av ny såkalla «fornybar energi» kan ikkje forsvarast som tiltak for å fase ut fossil energi. Verda står også oppe i ei minst like alvorleg naturkrise med eit urovekkande tal arter truga av utrydding. Og det er menneskeskapte arealendringar som er den desidert viktigaste årsaka. Nedbygging av naturmangfaldet er dessutan ei viktig kjelde til CO<sub>2</sub>-utslepp og redusert CO<sub>2</sub>-opptak i seg sjølv. Ein kan difor ikkje redde klimaet ved å øydelegge meir natur.

**Innstilling frå redaksjonskomiteen:** Forslaget bør ikkje bli vedteke

Vedtak på landsmøtet:

| Endringsforslag P17 a   |   |
|---|---|
| Linjenummer:<br>362–368   | Forslagsstillar:<br><b>Naturvernforbundet i Rana</b><br><b>Magne Vågsland</b> |
| <p><b>Endringsforslag:</b></p> <p><u>Overføringsnett til andre land skal ha som mål å bidra til meir effektiv og fornybar energibruk, ikkje omfattande eksport av straum. Kraftutveksling med andre land bidreg til god utnytting av kraftressursane og reduserer behovet for reservekraft og tilhøyrande naturinngrep og klimagassutslepp.</u></p> <p><u>Overføringskablane fra Norge til Europa har no fått ein kapasitet fleire gonger det som trengs for forsyningsikkerheit. Dei fungerer som eksportkablar for straum kun styrt av pris i ein europeisk energimarknad som ei anna vare, ikkje av tilgangen på elektrisk kraft i Norge eller av politiske myndigheiter. Norge har mista den politiske styringa over straumen. Prisaukingane og den eksportbetinga straummangelen vil føre til ein kraftig auke i presset for utbygging av meir energiproduksjon som øydelegg naturverdiar både på land og til havs. Skal Norge ta nødvendig ansvar for naturverdiar og hindre naturtap, må det bli politisk kontroll både med kraftproduksjon, krafteksport og kva krafta skal brukast til.</u></p> <p>Fordi transport av kraft inneber energitap og kan gi betydelege naturinngrep, bør det vere eit mål å utnytte energiressursane nær der dei oppstår, og til fortrenging av fossil energibruk i Noreg og i utlandet.</p> |   |
| <p><b>Innstilling frå redaksjonskomiteen:</b> Forslaget bør ikkje bli vedteke</p>   |   |
| <p>Vedtak på landsmøtet:</p>  |   |

| Endringsforslag P17 b   |  |
|---|--|
| Linjenummer:<br>Erstatte<br>362–368   | Forslagsstillar:<br><b>Halvard Birkeland</b><br><b>Tone Salomonsen</b> |
| <p><b>Endringsforslag:</b></p> <p><u>Overføringsnett til andre land skal ha som mål å bidra til meir effektiv og fornybar energibruk, ikkje omfattande eksport av straum. Kraftutveksling med andre land bidreg til god utnytting av kraftressursane og reduserer behovet for reservekraft og tilhøyrande naturinngrep og klimagassutslepp. Fordi transport av kraft inneber energitap og kan gje betydelege naturinngrep, bør det vere eit mål å utnytte energiressursane nær der dei oppstår, og til fortrenging av fossil energibruk i Noreg og i utlandet.</u></p> <p><u>Naturvernforbundet prioriterer energieffektivisering og redusert forbruk. Eventuell ny kraftproduksjon må vere mest mogleg kortreist! Ved å utnytte energiressursane nær der dei oppstår vil vi i større grad spare naturen for utbygging av større anlegg for kraftproduksjon og for kraftlinjer, som også gir energivinn. For å redusere utbyggingspresset på naturen vår må krafta vi allereie har, utnyttast på ein optimal måte, slik at mangel på kraft ikkje utløyer krav om nye kraftutbyggingar. Dette krev politisk styring i miljøets tjeneste.</u></p> |  |

**Innstilling frå redaksjonskomiteen:** Forslaget bør ikkje bli vedteke

Vedtak på landsmøtet:

### Endringsforslag P17 c

|                         |  |
|-------------------------|--|
| Linjenummer:<br>362–368 | Forslagsstillar:<br>Hallvard Birkeland |
|-------------------------|--|

#### Endringsforslag:

Forslag tilføyelse på slutten av endringsforslag P17 a og b

Det opnar for at auke i energiprisane skjer gjennom avgiftsauke og på ein mest mogleg sosial og rettferdig måte. Slik vil dei stimulere både til lokal småskala energiproduksjon frå hustak og grunnvarme, og til energisparing.

**Innstilling frå redaksjonskomiteen:** Forslaget bør ikkje bli vedteke

### Endringsforslag P18R

|                         |  |
|-------------------------|--|
| Linjenummer:<br>369-372 | Forslagsstillar: <b>Redaksjonskomiteen</b> |
|-------------------------|--|

Atomkraft inneber ein så stor fare for miljø og menneske i samband med produksjon og avfallshandtering at det er ei uakseptabel energikjelde. Det må derfor ikkje byggjast nye atomkraftverk i Noreg. Det må sikrast ei forsvarleg mellomlagring av det norske atomavfallet medan det blir førebudd ei permanent lagring i Noreg. Noreg må ta ansvar internasjonalt for å sikre menneske og natur mot atomforureining.

**Innstilling frå redaksjonskomiteen:** Forslaget bør bli vedteke

### Endringsforslag P18a

|                         |   |
|-------------------------|---|
| Linjenummer:<br>369–372 | Forslagsstillar:<br><b>Bård S. Larsen</b> |
|-------------------------|---|

#### Endringsforslag:

Atomkraft inneber ein så stor fare for miljø og menneske i samband med produksjon og avfallshandtering at det er ei uakseptabel energikjelde. Det må derfor ikkje byggjast nye atomkraftverk i Noreg. Det må sikrast ei forsvarleg mellomlagring av det norske atomavfallet medan det blir førebudd ei permanent lagring i Noreg. Noreg må ta ansvar internasjonalt for å sikre menneske og natur mot atomforureining

Kjernerkraft kan kome til å spele ei viktig rolle i puslespelet med å avkarbonisere verdas energisystem. I lys av at dette er ei av energikjeldene med absolutt minst fotavtrykk på naturen, bør den vurderast på lik linje med andre energikjelder når ein diskuterer løysingar - med sine respektive fordelar og ulemper, og grundig analyse av risikobildet.

Norge må også fortsette det viktige arbeidet sitt innan internasjonal atomsikkerheit.

**Innstilling frå redaksjonskomiteen:** Forslaget bør ikkje bli vedteke

Vedtak på landsmøtet:

### Endringsforslag P18b

|                         |                                     |
|-------------------------|-------------------------------------|
| Linjenummer:<br>369-371 | Forslagsstillar:<br>Ingeborg Vrenne |
|-------------------------|-------------------------------------|

#### Endringsforslag:

Endringsforslag til P18, linjenummer 369-371 foreslås endret:

~~Atomkraft inneber ein så stor fare for miljø og menneske i samband med produksjon og avfallshandtering at det er ei uakseptabel energikjelde. Det må derfor ikkje byggjast nye atomkraftverk i Noreg.~~

Atomkraft kan innebære fare for miljø og menneske i samband med produksjon og avfallshandtering. Mer kunnskap om moderne kjernekraft må innhentes for å vurdere om dette er ei akseptabel energikjelde for framtida. Det må sikrast ei forsvarleg mellomagring av det norske atomavfallet medan det blir førebudd ei permanent lagring i Noreg. Noreg må ta ansvar internasjonalt for å sikre menneske og natur mot atomforureining

Kjernekraft kan kome til å spele ei viktig rolle i puslespelet med å avkarbonisere verdas energisystem. I lys av at dette er ei av energikjeldene med absolutt minst fotavtrykk på naturen, bør den vurderast på lik linje med andre energikjelder når ein diskuterer løysingar – med sine respektive fordelar og ulemper, og grundig analyse av risikobildet. Norge må også fortsette det viktige arbeidet sitt innan internasjonal atomsikkerheit.

**Innstilling frå redaksjonskomiteen:** Forslaget bør ikkje bli vedteke

### Endringsforslag P18c

|                         |                                     |
|-------------------------|-------------------------------------|
| Linjenummer:<br>369-371 | Forslagsstillar:<br>Gabriel Fliflet |
|-------------------------|-------------------------------------|

#### Endringsforslag:

*Endring Linje 369-372*

Eksisterende tekst:

~~Atomkraft inneber ein så stor fare for miljø og menneske i samband med produksjon og avfallshandtering at det er ei uakseptabel energikjelde. Det må derfor ikkje byggjast nye atomkraftverk i Noreg. Det må sikrast ei forsvarleg mellomagring av det norske atomavfallet medan det blir førebudd ei permanent lagring i Noreg. Noreg må ta ansvar internasjonalt for å sikre menneske og natur mot atomforureining~~

Kjernekraft bør vurderast på lik linje med andre energikjelder, med sine respektive fordelar og ulemper, og med grundig analyse av risikobildet.

Noreg må ta ansvar internasjonalt for å sikre menneske og natur mot atomforureining

**Innstilling frå redaksjonskomiteen:** Forslaget bør ikkje bli vedteke

### Endringsforslag P19

Linjenummer:  
387–392

Forslagsstillar:  
**Naturvernforbundet i Grenland**  
**Naturvernforbundet i Telemark**

#### Endringsforslag:

Betre planlegging av regionar, byar, tettstader og ulike samfunnsfunksjonar er avgjerande for å ikkje auke behovet for transport generelt og spesielt for å unngå å leggje til rette for meir privatbilisme. Vidare må kollektive løysingar utformast slik at dei gjev folk reelle alternativ til bilkøyring og flytransport. Samstundes må miljøvennlege teknologiar prioriterast og leggst til rette for, slik at den transporten samfunnet treng, skjer med så låg miljøpåverknad som mogleg. Jernbanar for høg fart må difor utgreiast og byggast mellom dei største byane våre og mot utlandet for å erstatte motorveg og flyplassutbygging.

**Innstilling frå redaksjonskomiteen:** Forslaget bør ikkje bli vedteke

Vedtak på landsmøtet:

### Endringsforslag P20

Linjenummer:  
402

Forslagsstillar:  
**Naturvernforbundet i Grenland**  
**Naturvernforbundet i Telemark**

#### Endringsforslag:

Kollektivtilbodet må vere godt, både for daglege reiser til arbeid og fritidsaktivitetar og for lengre reiser. Dette inneber både korte reisetider, tilstrekkeleg mange avgangar og stor kapasitet. For størst mogleg effekt ønskjer vi høgfartsbanar i fleirbrukskonsept for person- og godstrafikk. Jernbanen må vere utbygd for å ta unna langt større delar av transporten som i dag går med privatbil, fly og lastebil. Ekspressbuss er eit viktig supplement der det ikkje går tog. Sjøfrakt må vere eit miljøvenleg og attraktivt alternativ til lastebil.

**Innstilling frå redaksjonskomiteen:** Forslaget bør ikkje bli vedteke

Vedtak på landsmøtet:

| Endringsforslag P21 b  |  |
|--|--|
| Linjenummer:<br>Nytt kapittel  | Forslagsstiller:<br><b>Sentralstyret</b> |
| <b>Endringsforslag:</b><br><u>4.6. Krig og fred</u><br><u>Krigar fører ved sida av store menneskelege lidingar også til store naturskadar. Fred er ein føresetnad for internasjonalt samarbeid for å løyse miljøproblema. Militært utstyr står for ein stor del av verdas forbruk av mineralressursar og fossile brennstoff. Naturvernforbundet støttar arbeidet for fred og ynskjer at Noreg skal spele ei aktiv rolle i dette.</u> |  |
| <b>Innstilling frå redaksjonskomiteen:</b> Forslaget bør bli vedteke   |  |